

NVE

nve@nve.no

Førde 08.04.16

HØYRINGSFRÅSEGN – SKORGEELVA KRAFTVERK, GLOPPEN KOMMUNE

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokallag, spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskiftet: 6.437. Skorgeelva kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde.

Vi var den 06.04.16 på synfaring langs Skorgeelva, i lag med lokalkjende.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde er eit regionalt, og nasjonalt viktig friluftsområde, som er mykje brukt. Inntaket er planlagt nord for verneområdegrensa.

I Skorgeelva sitt nedbørsfelt, er det området ved inntaket som er mest brukt. Det går veg fram til Sandstøylen, som ligg like ved inntaket. Her er det utgangspunkt for fine turar i området. Det går òg ein tydeleg sti frå vegen til Ivahola, og opp langs elva. Det er også ei lett tilgjengeleg moltemyr på sørsida, og like ved elva. Den kan kanskje bli skadelidande som følgje av sterkt redusert vassføring.

I nærleiken av inntaket og røyrgatetraseen ligg det fleire kulturminner, som er verdt å ta vare på:

Kolmiler: Det ligg 2 gamle kolmiler i influensområdet for utbygginga. Den eine ligg i nærleiken av inntaket, den andre ligg i, eller i nærleiken av, den øvre halvdel av røyrgatetraseen. Viss det ikkje alt er gjort, ber vi NVE om å krevje at den nøyaktige plasseringa av kolmilene vert kartfesta. Slik nøyaktig kartfesting er svært viktig for å unngå at ei eller begge kolmilene vert øydelagde av utbygginga. (Det er mogeleg at Gloppen kommune og/eller fylkeskommunen kjenner dei nøyaktige plasseringane.)

Russehola: Her budde 5 russarar under 2. verdskrigen, vinteren 44 – 45. Dei hadde klart å rømme frå tysk fangenskap, og fekk hjelp av lokale folk til å klare seg. Frå Sandstøylen går det tydeleg sti ned til denne hola. Det er ikkje direkte fysisk konflikt mellom røyrgatetraseen og dette kulturminnet.

Bjørnekasse: Ikkje så langt unna Russehola, ligg det ein gamal bjørnekasse av tre som framleis er i forbausande god stand. Kassen vart nytta til sjølvskot for bjørn.

Kommentar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata Skorgeelva kraftverk: Elva har ei middelvassføring på 317 l/s, medan slukevna er på 872 l/s. Dvs ei slukeevne på 2,75 gonger middelvassføringa, som er svært høgt, og vil føre til få periodar med overløp.

Vidare er det planlagt minstevassføring på 16 l/s både sommar og vinter, medan 5-persentil er hhv 22 l/s for sommaren, og 13 l/s om vinteren. Som det er påpeika i søknaden, er terrenget langs elva slik at ein del av vatnet forsvinn i terrenget. Turlaget meiner difor at ei betydeleg større minstevassføring er naudsynt, for at ikkje store delar av elva skal bli heilt tørrlagt.



2.2.4 Inntak: Det er planlagt inntak ikkje langt frå eit flott stølsområde. For å få bygd inntaket, er det planlagt 100 m ny veg fram til elva. Vegen er planlagt gjennom ei myr, som kan vere ei uheldig plassering. For å få til eit mindre synleg inntak, hadde det vore ønskjeleg at det blei flytta lenger ned langs elva, før den blir for bratt.

2.2.5 Vassveg: Bergartane i området består av glimmerskifer, og gneis, som er veldig oppsprukke/forvittra ved siste istid. Det betyr at det meste av røyrkata skal gravast ned i terreng som består av store, og mindre steinblokker. Det er også større og mindre dødisgroper frå slutten av siste istid i området. I eit langt område av vassvegen veks det gammal, og storvaksen furu og osp. Ved graving av grøft i dette området, vil terrenget som blir berørt, skifte fullstendig karakter langs trasèen. Ein vil aldri klare å få terrenget tilbake til si opprinnelege form, og vassvegen vil for alltid ligge der som ein unaturleg «streng» i terrenget. Det er fare for at revegetering i den gamle skogen, vil skje med tett bjørkeskog, som vil forsterke dette inntrykket.

I konsesjonssøknaden står det mellom anna: «*Eksisterande bil – og skogsbilvegar kan nyttast til all anleggsverksemd og rørlegging.*» Dette stemmer ikkje verken med kartet i vedlegg 3 eller med det vi såg under synfaringa. Sjølv om det er nokre vegar i området, ser det for oss ut som det meste av røyrgatetraseen vil ligge i «jomfrueleg» terreng, og i ein type terreng der inngrepa vil bli store!

2.2.6 Kraftstasjonen: Denne er planlagt heilt i strandsona mot Gløppefjorden, på nedsida av Fylkesvegen. Ei slik plassering vil gi eit veldig eksponert bygg, i eit ellers lite bebygd område. Det er difor ønskjeleg at stasjonen blir trekt opp om vegen, der den ville bli meir skjult. Då kunne vatnet først tilbake til elva, før denne renn under vegen, og ut i fjorden. Særleg frå sjøsida, ville dette gi eit mykje betre visuelt uttrykk.

2.2.8 Vegbygging: Under NVE si sluttsynfaring, som vi reknar med vil inkludere å gå langs røyrgatetraseen, ber vi NVE om spesielt å vurdere i kor stor grad det som står i konsesjonssøknaden stemmer med det ein ser i terrenget.

3.6 Terrestrisk miljø: I ein bra stor del av røyrgatetraseen har skogen urskogspreg med mellom anna mange både ståande og liggande daude tre og mange vekstar av ulike slag på levande tre. Figur 4 i Biologisk mangfaldrapporten viser at store delar av både elva og røyrgatetraseen går i område med metasandstein og glimmerskifer. Til saman gir dette stort potensiale for funn av raudlisteartar av både plantar, mose, lav, sopp, og insekt. Det gir også grunnlag for eit rikare fugleliv enn det som er vanleg. Vi har fått opplyst at det i konsekvensutgreiningar for Ivahola avfallsplass for ein del år sidan, vart dokumentert eit spesielt rikt fugleliv i området. Dessverre har vi ikkje dokumentasjon på dette, men vi går ut frå at kommunen har denne dokumentasjonen, og at den kan skaffast.

Iflg rapporten om biologisk mangfald, er det funne trua artar som skorpefylltav, og fossefall i området. Det er fleire registrerte naturtypar, sjå Figur 5 i rapporten. Vidare står det at redusert vassmengde vil vere negativ for dei fuktigheitskrevande artane. I sum ser det ut til at utbygginga er i ganske betydeleg konflikt med biologisk mangfald, og det kan vere enda større konflikter en det som er avdekket.

På side 20 i rapporten frå Rådgivande biologar, er det skrivi at største slukeevne er planlagt til 634 l/s. I søknaden er den som tidlegare nemnt, sett til 872 l/s, dvs 38% større slukeevne. Dei omtalte 72 dagane med overløp i eit tørt år, vil då truleg bli sterkt reduserte. Det er også lagt til grunn ein heilt annan røyrgatetrase, med kryssing av elva, (sjå Figur 5 på side 14 i rapporten) enn den som står i konsesjonssøknaden. I sum gjer dette at det kan vere grunn til å stille spørsmål ved om rapporten er god nok, når den på svært vesentlege punkt ikkje er bygd på same faktagrunnlag som søknaden. Vi

ber NVE vurdere om det er grunn til å krevje ei tilleggsutgreiing!

3.7 Akvatisk miljø: Sitat frå øvst på side 19 i Biologisk mangfaldrapporten: «*Fra midtre del av aktuell strekning og ned mot fjorden har elveløpet en redusert tilstand på grunn av tilrenning fra den nedlagte avfallsplassen Ivahola nord for elva. Verdifulle lokaliteter vurderes derfor til middels til liten verdi.*»

Etter synfaringa vår stiller vi oss sterkt tvilande til påstanden om tilrenning til elva frå avfallsplassen. Er dette dokumentert med vassprøver??? For oss såg det ut til at terrenget er slik at avrenninga frå Ivahola avfallsplass går direkte mot fjorden, og **ikkje** via Skorgeelva. Men vi kan sjølvsagt ikkje utelukke at avrenning nede i grunnen under avfallsplassen kan kome inn i elva lenger nede. Men viss ikkje ureining av elva kan dokumenterast via relativt nye vassprøver, vil vi avvise at «*Verdifulle lokaliteter*» i den nedre delen av elva skal få redusert verdi som følgje av ureining av elva.

Konklusjon:

Sogn og Fjordane Turlag meiner det ikkje bør gjevast konsesjon til utbygging av Skorgeelva. Hovudgrunnane er dei kulturminna som kan bli berørte, konfliktane med ulike slags biologisk mangfald, og den spesielle grunnen som området består av.

Om det skulle bli gitt konsesjon, ber vi om at det vert teke omsyn til dei tinga vi har påvist i fråsegna.

Mvh

Agnar Åsnes
Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernutvalet